

Vågå, 1.9.2022

Høyring - endring av skulestruktur i Vågå kommune

Den demografiske utviklinga og prognosane i åra framover viser at barnetalet går nedover, både for nyfødde, barn i barnehage og barn i grunnskulealder, medan eldre over 80 år har ei betydeleg auke i flg. SSB befolkningsframskriving.

Kommunedirektøren la fram ein status for kommunestyret i mai om elevtalsutviklinga i Vågåskulen frå 2020 og fram til 2025. Denne viser ein betydeleg nedgang i talet på elevar, spesielt på barnetrinnet. Kommunestyret vedtok samrøystes å be kommunedirektøren legge fram ei politisk sak til behandling om flytting av elevar frå Lalm til Vågåmo frå hausten 2023, sak 16/2022.

Tabellen under illustrerer elevtalsutviklinga for kvart klassesteg for dei tre skulane i Vågå. Nedgangen i elevtalet gjeld både for Vågåmo og Lalm skular, men nedgangen er dramatisk for Lalm skule sin del, som vil ha ein reduksjon på 33 elevar frå 2020 til 2024, eller heile 66%.

	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
Lalm skule:	50 elevar	51 elevar	38 elevar	26 elevar	17 elevar?
Vågåmo skule:	221 elevar	221 elevar	211 elevar	199 elevar	194 elevar
Totalt elevtal 1-7	271 elevar	272 elevar	249 elevar	225 elevar	211 elevar
Vågå ungd.skule:	133 elevar	122 elevar	116 elevar	137 elevar	142 elevar
Totalt elevtal:	404 elevar	381 elevar	365 elevar	362 elevar	353 elevar

Elevtal pr klassesteg på Lalm skule for åra 2022-2024:

2022/2023

1. steg: 0 elevar
2. steg: 5 elevar
3. steg: 5 elevar
4. steg: 3 elevar
5. steg: 4 elevar
6. steg: 9 elevar
7. steg: 12 elevar

2023/2024

1. steg: 0 elevar
2. steg: 0 elevar
3. steg: 5 elevar
4. steg: 5 elevar
5. steg: 3 elevar
6. steg: 4 elevar
7. steg: 9 elevar

2024/2025

1. steg: 0 elevar?
2. steg: 0 elevar
3. steg: 0 elevar
4. steg: 5 elevar
5. steg: 5 elevar
6. steg: 3 elevar
7. steg: 4 elevar

Tabellane over viser at det var ingen elevar som starta i fyrste klasse på Lalm skule hausten 2022. Heile 5-årsgruppa på Lalm søkte om overføring til Søre Grindstugu frå barnehageåret 2022 for å kunne starte på Vågåmo skule frå hausten 2023. Følgeleg vert det heller ikkje elevar i fyrste klasse skuleåret 2023/2024. Dersom det ikkje startar ungar i fyrste klasse frå

hausten 2024 (3 ungar født på Lalm i dette kullet) vil det vere 17 elever att på Lalm skuleåret 2024/2025.

Det er fleire årsaker til reduksjon i elevtalet på Lalm skule, og skuldast dels låge fødselstal, dels fråflytting og dels søknader om overføring frå Lalm til Vågåmo skule for fleire av elevane på ulike klassesteg. Motivet for foreldra for å søke elevane over til Vågåmo skule er ønskje om at ungane skal ha fleire klassekameratar å spele på og at ustabil lærardekning gjennom fleire år har fått konsekvensar for læringsmiljøet. Retten til fritt skuleval er heimla i Grunnskuleplan for Vågå kommune 2005-2008:

"Det skal leggjast avgjerande vekt på foreldra sine ønske når det gjeld val av skulestad for elevane ved søknad på inntak på annan skule enn den eleven soknar til, så sant dette ikkje vil få store praktiske eller økonomiske ulemper for kommunen at nærleiksprinsippet ikkje blir lagt til grunn."

Når elevtalet blir så lågt som prognosane viser, vil det ha store konsekvensar for skuledrifta både med tanke på læringsmiljø, ivaretaking av nasjonale kompetansekrav, rekruttering av lærarar, sårbarheit ved sjukefråvær og relativt sett høge driftskostnader.

Ei samanslåing av dei to barneskulane i Vågå vil opne for eit meir robust og stabilt læringsmiljø ved at fleire fagpersonar kan bidra til å dekke kompetansebehovet, noko som gjer det mindre sårbart og personavhengig. Elevane får fleire medelevar med ulike interesser å spele på og dermed eit større mangfald av sosiale aktivitetar å delta i.

På ein annan side vil kanskje fleire, spesielt de yngste, oppleve større tryggleik gjennom tettare kontakt mellom elevar og lærarar og betre oversikt på ein mindre skule. Skuleleiinga vil og vere meir synleg blant elevar, føresette og tilsette.

Nye fagplanar og økte kompetansekrav til undervisningspersonalet gjer det utfordrande å dekke alle fagområde i eit mindre lærarkollegium. Ved større skular vil det være enklare å få tilgang på både breiare fagkompetanse, større fleksibilitet og også meir spesialisering.

I Oppvekstreformen ligg det klare forventningar om kommunane sitt ansvar kva gjeld førebygging og tidleg innsats for barn og unge. Dette vil krevje ei styrking av fagkompetansen t.d. innan vernepleie, sosialpedagogikk og miljøterapi for å kunne setje i verk tiltak så tidleg som råd og på lågast mogleg nivå. Andre støttetjenester på oppvekstområdet, til dømes PPT, barneverntjeneste og skulehelsetjeneste ønskjer å vere meir til stades i skulekvardagen til elevane, og jo færre einingar å halde seg til, jo meir tid pr eining og mindre tid brukt på transport.

Barnekonvensjonen er teke inn i norsk rett ved menneskerettslova i 2003, og forpliktar kommunane til å legge vekt på barnets beste, mellom anna i saker om skulestruktur. Artikkel 3 nr. 1 peikar på at barnets beste er eit viktig omsyn i saker som gjeld barn. Barnekonvensjonens artikkel 3 nr. 1 lyder:

“Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.”

Dette betyr at kommunen i saker om skulestruktur og må vurdere barnets beste.

I så måte kan være relevant å vurdere barnets beste opp mot tilhørighet og nærleik til nærmiljøet, om dei elevane som må bytte skule får eit tilsvarande godt fysisk og psykososialt læringsmiljø, trafikktryggleik, sikkerheit på skulebuss, akseptabel reisetid og klassestorleiker.

Når det gjeld reisetid, vil den auke for dei elevane som er busett i gangavstand til skulen og for elevar som er busett sør og aust for Lalm sentrum. Kommunedirektøren vurderer at den ekstra reisetida for desse elevane på om lag 15 minutt ikkje vil utgjere ei *vesentleg* auka belastning. Reisetida for elevar som er busett mellom Lalm og Vågåmo vert kortare.

Klassestorleiker for dei ulike klassesteg vil sjå slik ut ved flytting av elevane frå Lalm til Vågåmo skuleåret 2023/2024:

1. steg: $30 + 0 = 30$ elevar
2. steg: $22 + 0 = 22$ elevar
3. steg: $27 + 5 = 32$ elevar
4. steg: $25 + 5 = 30$ elevar
5. steg: $26 + 3 = 29$ elevar
6. steg: $34 + 4 = 38$ elevar
7. steg: $35 + 9 = 44$ elevar

Det fysiske og psykososiale læringsmiljøet ved Vågåmo skule er i utgangspunktet svært godt, noko elevundersøkinga stadfester. For å legge til rette for eit godt klassemiljø for både noverande og nye elevar, må ein syte for hyppige møte og felles aktivitetar både i Vågåmo og på Lalm gjennom skuleåret 2022/2023 slik at elevane vert godt kjent på førehand.

Når to skular skal slåast saman, er det viktig at dei gode kvalitetane vert teken med og implementert i den mottagande skulen. Lalm skule har t.d. innført reindrift som tema, som blir teke opp igjennom heile skuleåret der berekraftig forvaltning av rein er eit fokus. Vinterveke med ulike aktivitetar er eit anna eksempel som bør takast med vidare. Det same gjeld undervisningsopplegget dei gjennomfører innan engelskfaget der skulen har lukkast svært godt, jf. resultat på nasjonale prøver.

Skulen har mange roller utover det å være ein arena for læring. Den kan vere fysisk samlingsplass, base for arrangement, møtestad for barn og vaksne, møtearena for lag og organisasjonar, arbeidsplass og som viktig arena for å bygge identitet i lokalsamfunnet. Skulen si betydning i eit lokalsamfunnsperspektiv er tema som skaper eit stort engasjement.

For Lalm sin del, er ikkje skulen brukt som samlingsarena etter skuletid sidan det veldrivne samfunnshuset er den viktigaste arenaen for dei fleste innandørs aktivitetar på Lalm. Ein vil difor ikkje miste samlingsstaden for Lalm-samfunnet sjølv om skulen vert lagt ned. Lalm er

eit vitalt og livskraftig lokalsamfunn, med stort engasjement blant innbyggjarane som sluttar opp om idretts-, kultur- og andre fritidsaktivitetar. Dugnadsanden er svært framtrudande, og det er imponerande kva dei har fått til, spesielt med tanke på dei flotte idrettsanlegga. Desse fasilitetane bør alle elevane i Vågaskulen kunne nytte seg av i større grad både i og etter skuletid.

Dersom ein skal legge elevtalsutviklinga til grunn, vurderer kommunedirektøren at det mest fornuftige alternativet vil vere å flytte alle 26 elevane frå Lalm over til Vågåmo skule frå skuleåret 2023/2024. Da vil det totale elevtalet vere på 225, og Vågåmo skule har kapasitet til å ta imot alle elevane frå 1.-7. klasse utan å måtte gjere bygningsmessige endringar.

Det er viktig å syte for at det vert nok personalressursar, spesielt i ein startfase for å gjere overgangen for alle elevane så god og smidig som råd. Kommunedirektøren foreslår å vidareføre same totale budsjetttrammer for skulane i Vågå i 2023 for å legge til rette for ei trygg og god prosess for elevane som skal flytte og for elevane som skal ta imot og inkludere dei nye klassekameratane.

Spørsmål om skulestruktur vil i stor grad og gjelde elevar, foreldre og nærmiljø, og skulen sitt samarbeidsutval og FAU bør få informasjon og høve til å uttale seg når det gjeld vedtak om skulestruktur. Det same gjeld elevråda ved Lalm og Vågåmo skular, ungdomsrådet, dei tilsette ved skulen, fagforeiningane, grendelag og andre grupper og organisasjonar som kan ha interesse i saka.

Endringar i ein kommune sitt tenestetilbod, m.a. skulestruktur, er å sjå på som ei type handling der omsynet til barnet sitt beste skal vurderast. Å vurdere omsynet til det beste for barnet vil i dei fleste tilfelle dreie seg om å balansere ulike argument og syte for at det vert gjort vedtak etter at saka har vorte belyst og behandla på ein forsvarleg måte.

Udir sitt rundskriv 2-2012 omhandlar kva for saksbehandlingsreglar som gjeld for endring av skulestruktur, dvs. ved nedlegging av grunnskular.

Korkje opplæringslova eller anna regelverk har innhaldsmessige reglar for endring av skulestruktur, det vil seie reglar for når det er lovleg eller ulovleg å legge ned eller opprette ein skule. Avgjerd knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Ei avgjersle må bygge på eit kommunestyre sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar.

Spørsmål om skulestruktur og eventuelle kretsgrenser for skular vil i stor grad berøre foreldre og nærmiljø. **Skulens samarbeidsutval** bør difor få anledning til å uttale seg når det gjeld vedtak om skulestruktur.

Andre som bør få anledning til å uttale seg i slike saker kan vere:

- **fagforeiningane for dei tilsette ved skulen, grendelag og andre grupper og organisasjonar som kan ha interesse i saka**

- **andre brukarar av skulen som vil bli påverka av ei nedlegging**
- **andre brukarorgan ved skulane, til dømes skulemiljøutval og elevråd**
- **samarbeidsutval eller foreldreråd ved andre skular som vert omfatta**

Dersom endring av skulestruktur medfører endringar i skyssbehov, bør *fylkeskommunen* få høve til å uttale seg i saka.

Det finst ikkje reglar som er nedfelt i lov- og forskrifter for kor lang fristen for å uttale seg skal vere i saker om skulestruktur. Den enkelte som skal uttale seg må imidlertid få tilstrekkeleg tid til å førebu si uttale.

Allmenta sitt *innsyn* i offentlege dokument er viktige føresetnader for at ei sak skal bli tilstrekkeleg opplyst. Innsyn legg til rette for samfunnsdebatt om saker som er viktige for innbyggjarane. Retten til innsyn verkar og kontrollerande på forvaltninga og bidreg til å sikre tilliten til uheldige avgjersler. Det følgjer av offentlegheitslova § 3 at kommunale saksdokument er opne for innsyn. Eit eventuelt unntak frå retten til innsyn må kunne heimlast etter særskilte unntaksregler i lov. Innsynsretten gjeld for alle, altså ikkje berre dei som kunne ha vore rekna som partar eller andre som skal uttale seg.

Det har vore gjennomført drøftingsmøte med dei tilsette, informasjonsmøte med FAU og foreldre på foreldremøte 10. mai 2022. I tillegg vart det gjennomført folkemøte på Lalm samfunnshus 14. juni der eitt av tema var elevtalsutviklinga på Lalm og prosessen som er sett i gang kva gjeld eventuell flytting av elevar til Vågåmo frå hausten 2023.

Saka om endring av skulestruktur vert lagt ut på offentleg høyring i ein måned. Alle kan gje høyringsuttale, men merk at alle uttaler er offentlege etter offentleglova og kan bli publisert.

Høyringsuttale skal sendast postmottak@vaga.kommune.no innan **1. oktober 2022**